Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skudenes

Emne: Folkeleg musikk

Bygdelag: Falnes sokn

Oppskr. av: Lars Tjøstheim

Gard:

(adresse): Skudeneshavn

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Helst etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Etter det eg kjenner, har her ikkje vore ~~brūka~~ anna fele i brūk enn tysk. Men denne fela har vore brūka så lenge folk kan fortelja om, og her var mange som åtte fele og som var flinke til å spela. Likevel kjenner eg ikkje til nokon her som var heilt vidspurd, korkje som spelemann eller felemakar.

Skipper Sivert Dale – döydde i 1920 åra – höyrde eg mange skröytte av som meister på fele. Serleg var han ūvanleg flink til å brūka dūbte grip, så mūsikken hans blei så fyldig. Han kunne og ei mengd med gamle slåttar.

Men stort sett så såg dei på det å spela fele som noko vondt. Det kan nok vore det at det var helst til dans, dei spela, som gjorde mykje til dette. Og så blei det nok titt og så at dei titt gjekk så opp i mūsikken at han stal for mykje tid; for mange av desse spelemennene blei ūpraktiske. Sikkert er det at dei rekna fela og felespelet som syndig, og helst dirigert av den vonde.

870

Sume arbeidde nok felene sine sjölv. Dei gamle fortalde: Her vaks opp ein tomsing på ein plass som heiter „Litlehabu". Han var musikalsk, men han hadde inga pengar til å kjöpa fele for. Han maska då med og ville laga seg fele sjölv. Men foreldra lika ikkje dette arbeidet, så han heldt seg helst i kvernhuset med felearbeidet. Broren skyna nok likevel kva han stelte med. Han lurde seg inn under kvernhuset og snudde på kvernkallen. Han som arbeidde på fela, blei nok heilt forstökt. Seinare fortalde han det med nokre, og undrast korleis det hang saman. Dei fortalde då at det var nok broren som hadde gjort det. Då sa tumsingen: „Eg trudde det var den vonde eg." Ho mor fortalde og: På Talnes var der ein flink spelemann. Han gav seg over til Gud og slutta og spela. Men då tok fela til å spela på veggen, og då tok han fela og slo henne sund.

Her bur ein mann på Höynes attved Skudeneshavn - Knut Höynes - som har laga fleire gode feler. Men han er bonde og har reist litt som emisær, så eg trur helst at han berre har drive felearbeidet sitt som hobby.

Her var nok og sume som spela salmodikon. Ho mor fortalde at lararen deira spela på salmodikon medan ho gjekk på skulen. Ho gjekk på skulen frå 1864-71. Og morbror hennar mor - Ole A. Tjöstheim född 1840 og döydde 1929 -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

fortalde at dei og hadde ein lærar som var svært flink til å spela på salmodikon. Han hadde og korralboka med tal istaden for noter, og så hadde han skala til å leggja under strengen på salmodikon, så det var lett å spela etter tala. Ole arbeidde seg då salmodikon sjölv, etter læraren sin, og lærde seg å spela. ~~Han~~ Ole var og svært musikalsk og flink til å syngja, og kunne alle tonane til salmene i salmeboka. Klokkaren i Talnes var i den tida ikkje vidare flink til å syngja, difor fekk han Ole med seg i klokkarstolen, og han styrde songen i mange år.

 Halmflöyte laga me titt som born. Dei gamle kalla det for „lådarelåta". Men dei blei sinte dersom me blås i dei når dei ville ha lavér eller turrver. For det höyrdist verkeleg ut som dei trudde at det blei regn når ~~vi~~ me blås i dei. Me laga låtene av grove strå som var omlag skjære eller mogne, og bruka eit stykke frå ein led og mest ned til den andre. Me skar då ei tunge rett ned i strået ein liten tomme nedanfor leden og klöyvde varleg oppover til leden. Tunga hang då elastisk fast oppe ved leden, og gav ein pipande ljod, ljsare eller mörkare ettersom strået var grovt eller grant, eller tunga var kort eller lang. Me hadde og moro av å laga fleire og stikka i munnen samstundes. Det blei då ein fleirstemmig ljod.

4

Hesteskrattel såg eg hjå lærar og klokkar Elias Dyrland - han döydde i 1935 åra. Han ~~for~~ var svært interressert i alt gamalt men eg kan ikkje segja om han hadde arbeidt denne skratla sjölv, eller han hadde funne henne. Han snudde henne rundt med ein sveiv, og det var nokre trespiler som klirra ned i noko blikk som gav ljoden. Dyrland fortalde at dei bruka skratla til å jaga hestane frå bögjerdet med. Men han undra seg på korleis det hadde seg at hestane var så redde denne ljoden. Han gissa på om her kunne ha levt eit större dyr som laga eit liknande låte, og som hestane var redde. Eg trudde heller at det berre var den sterke uvande ljoden som skrande- liknande toreljod, steinskrede eller anna såvore.

Ho mor fortalde: Presten ho gjekk og las for, heitte Bennecke. Han var nokså stri og streng, og dei måtte tidt gå fleira år for presten. Han var og helst stygg med mange som kunne lite, og mange la han heilt for hat. Ein som var sint på han, laga seg då hesteskattel og la seg på lur der presten kom köyrande. Hesten tok ut, og presten slo seg mest forderva. Men folk var helst galne på presten, så han fekk aldri vita kven det var.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY